

23.10.2023

Austrheim kommune

v/Formannskapet

### Oppseiing av leigekontrakt Austrheim gamle kommunehus

Viser til brev om oppseiing av leigekontrakt Austrheim gamle kommunehus

Kunsthuset Austrheim vil be om at Formannskapet vurderer å utsetja sal av huset inntil ein har vurdert og beslutta gjenbruk av kommunale bygg i forbindelse med etablering av nytt Helse- og omsorgstun.

Kunsthuset Austrheim er ein viktig møteplass for formidling av norsk kultur og kunsthåndverk.

Vi vil særleg trekkja fram vevstova som er besøkspunkt for «Unescos Biosfære» område og som formidlar og bringer vidare gamle husflidtradisjonar. Det vert og gjeve undervisning og rettleiing i veving med mange kurs kvart år. Bidrar og til sosialisering og integrering av tilflyttarar til kommunen. Vevstova har 12 store og 18 små vevstolar som er plasskrevjande.

Kunsthuset har 16 aktive medlemar. Aktivitetane er bildekunst, tekstildesign, kunsthåndverk, søm, tekstildesign og foto.

Her er og eit galleri som har opent for publikum kvar laurdag heile året, med utstillingar av eigne kunstverk og mange kjende gjesteutstillarar. I tilknytning til utstillingar har vi engasjert elevar frå kulturskulen med musikkinnslag. Det vert og gjeve undervisning i teikning og maling i samarbeid med skulen og den «kulturelle skulesekken».

Austrheim sogelag har møterom i huset og brukar safen til oppbevaring av dokumentasjon og kulturgjenstander. Det er svært viktig å kunna oppbevare dette på ein trygg og sikker måte, noko som Austrheim kommune må sjå viktigheita av.

Kunsthuset er open for ein ny leigekontrakt der ei betalar ein større del av driftskostnadane. Det vil ikkje lenger væra behov for å bruka brakkedelen av huset, så denne kan sanerast.

Mvh



Olaug Marie Sætre

fungerande leiar Kunsthuset Austrheim



Harald Odd Sognes  
for Einar Ellingsen

leiar Austrheim Sogelag